

Samnanger  
– der du vil leva og bu



Kommunetorget

## Ledige stillingar som lærling

Vil du bli lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget eller helsearbeidarfaget, har Samnanger kommune ledig plass frå sumaren 2022.

Me ynskjer ungdommar som har ein draum om, og lyst til, å jobba med barn og unge eller eldre velkomne som søkjarar. Sjå Samnanger kommune si heimeside for meir informasjon om dei ledige stillingane.  
**Søknadsfrist: 15.03.2022.**

## Frist for å søkja SFO-plass frå august 2022 er 31.mars

Skulefritidsordninga er eit tilbod før og etter skuletid til born på 1. - 4. trinn, og for born med spesielle behov på 1. - 7. trinn. SFO skal vera ein trygg opphaldsstad for borna før og etter skuletid. På SFO skal borna få omsorg og tilsyn, og det skal vera lagt til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar. Nytt frå august 2022 er at elevar på trinn 1 får 12 timar gratis kjernetid.

Vil du vita meir? Sjå vedtekter for SFO på heimesida til skulen/ kommunen.

Tildeling av plass i SFO skjer etter søknad. Søknadsskjema om SFO-plass finn du på [samnanger.barneskule.no](http://samnanger.barneskule.no) eller på [Samnanger.kommune.no](http://Samnanger.kommune.no)

**Sentralbord:**  
**56 58 74 00**

Mån-fre  
09.00 - 15.00

**Helse og omsorg:**  
56 58 98 50

**Kreftkoordinator:**  
462 80 761  
56 58 98 52

**Naudtlf.:**  
Brann: 110  
Politi: 112  
Lege: 113

**Krisesenteret for Bergen og omegn:**  
55 31 50 50

**Alarmtelefon for born og unge:**  
116 111

**Legevakt:**  
116 117

**Samnanger helsetun:**  
56 58 91 00

**NAV:**  
55 55 33 33

**Ordførar**  
Knut Harald Frøland:  
56 58 74 10

**Rådmann**  
Ove Sæbbø  
56 58 74 23  
mob. 922 25 562

**Biblioteket**  
Tlf. 56 58 74 55  
Opningstider:  
Tysdag 12-19  
Onsdag 10-16  
Torsdag 10-16

**Frivilligsentralen:**  
56 58 74 57  
404 07 633  
Ope tysdag og torsdag. I tillegg er det ope onsdagar i partalsveker.



## Nynorsk vinyl – songskatten i rillene

Samnanger folkebibliotek syner no ei vandreutstilling frå Nynorsk kultursentrum. Plater, ikkje minst på vinyl, har vore eit av dei viktigaste media for å spreia den nynorske songskatten dei siste hundre åra. Målet med utstillinga er å syna fram nokre av dei som har gjort dei nynorske platene til viktige kulturberarar. Artistane, pionerane, tekstforfattarane, plateselskapa og institusjonane – saman har dei skapt og spreidd songskatten i rillene.

Platespelaren vert gjerne teken i bruk, og det er lov å ta med seg ein singel eller LP og spela i biblioteket.

## Laurdagsope bibliotek

Laurdag 19. februar er det laurdagsope bibliotek kl. 10-14.

## Kommunestyret har møte torsdag 24. februar kl. 15.00 på kommunehuset

Førebels sakliste:

- Uttale til søknad om konsesjon for landstramanlegg til NOA og Krafla
- Handsaming av søknader om kompensasjonstilskot i samband med koronapandemien
- Fleirbrukshall i Samnanger – godkjenning av prosjektplan og val av lokalitet
- Tilleggsøyving – kjøp av elektroniske tavler til barnehagane
- Suppleringsval – medlem til kontrollutvalet
- Ny transportordning for ungdom og eldre i Samnanger kommune
- Høyring om forlenging av reglane om koronasertifikat
- Tidlegare oppstart for elevar i kulturskulen
- Takst for utlån av Hagabotnane idrettsanlegg til Vaksdal idrettslag seniorfotball
- Endeleg vedtak av forskrift for handtering av hushaldsavfall i Samnanger kommune



**PÅ SAKLISTA:** Prosjektplan og tomteval for fleirbrukshallen skal opp i kommunestyret 24. februar. Illustrasjonsfoto

Endeleg sakliste og saksdokument vert lagde ut på [www.samnanger.kommune.no](http://www.samnanger.kommune.no) ei veke før møtet. Du kan følgja debatten direkte på internett. Lenke til streaminga finn du på kommunen si heimeside.

## Koronapandemien - vaksinasjonsdagar framover

Fredag 18. februar kl. 11:00 - 15:30

Fredag 25. februar kl. 11:00 - 15:30

Fredag 11. mars kl. 11:00 -15:30

Du treng ikkje bestilla time, men kan møta på drop-in på Storstova på Samnangerheimen. Ver førebudd på ventetid.

## Vaksinering av aldersgruppa 5-11 år

Denne gruppa kan ikkje møta på drop-in, men kan ringja koronatelefonen for å tingja time. Det er inga sterk tilråding frå myndighetene si side om vaksinerer, men eit tilbod. Vaksinerer er viktigast for born med kroniske sjukdomar og enkelte andre grupper. Sjå kommunen si heimeside for meir informasjon.

## Sjølvtestar

Her kan du henta sjølvtestar:

- Legekontoret kl. 08:00 - 15:30 på kvardagar

- Samnangerheimen kl. 13:30 - 13:45 på laurdagar og sundagar

- Biblioteket: Tysdag 12:00-19:00, onsdag 10:00-16:00, torsdag 10:00-16:00

Det er berre fylgjande grupper som kan få utlevert gratis sjølvtest:

- Personar med symptom
- Annan testing etter råd frå kommunen sitt smittevernteam/kommuneoverlegen

## Elektronisk registrering av positiv sjølvtest

Alle med positiv sjølvtest vert tilrådde å registrera seg elektronisk på kommunen si heimeside.

## Nye reglar for PCR-testing

Desse vert ikkje lenger tilrådde bekrefte PCR-test om ein har testa positivt på sjølvtest:

- Om du har fått grunnvaksinerer (to dosar) og påfyllsdose
- Om du har fått grunnvaksinerer (to dosar) og har hatt covid-19 dei siste tre månadene.

Alle andre bør ta bekrefte PCR-test. PCR-testing vert gjort måndag, onsdag og fredag. Alle bør registrera positiv sjølvtest elektronisk på kommunen si heimeside.

## Koronatelefon

Koronatelefonen (966 26 968) er open måndag – fredag 09:00-14:00. Her kan du ringja om du har spørsmål, ynskjer å verta testa eller har fått positiv sjølvtest og treng bekrefte PCR-test. Send sms om det er lang ventetid.

For meir informasjon, sjå [www.samnanger.kommune.no](http://www.samnanger.kommune.no) eller ring legekantoret på 56589100.

## Bygdekinoen 24. februar

Nordbygda grendahus

Kl 17.00:

**Syng 2**  
Animasjon/ 6 år/  
kr. 100,-

Kl 19.00:

**Marry me**  
Komedie/romantikk  
Alle/ kr. 120,-

Førehandssal av billetter på [bygdekinoen.no](http://bygdekinoen.no)



## Faste aktivitetar i Høgspent'n:

Tysdagar kl. 19:

**Frisklivstrening**

Andre tysdagen i mnd kl. 17.30 - 18.45: **Språktreff** for innvandrarar og samningar. Onsdagar i partalsveker kl 11-13: **Sy, strikk og skravl** Torsdagar i partalsveker kl.11-13: **Karalag** – for menn i alle aldrar.